



Banksjef Dag Sandstå, økonomisjef Karoline Dalen og tilsett ved Kvinnheradkontoret Daniel Haugland då dei var på Oska.

**Nyleg hadde Tysnes Sparebank informasjonsmøte på Oska i Uskedalen og fleire andre stader med tanke på emisjon. Dei melder no om ein hyggeleg kveld på Oska, og sjølv om det var dårleg ver under presentasjonane både i Uskedalen og Odda, vart teikninga ein suksess. Dei har no sendt ut denne pressemeldinga:**

#### **Solid overteikning i Tysnes Sparebank sin emisjon**

Forstanderskapet i Tysnes Sparebank vedtok i møte 17. oktober 2017 å auka eigarandelskapitalen i banken med 35 millionar kroner. Teikningsperioden vart avslutta måndag 27. november 2017 med solid overteikning. Heile 43 millionar kroner vart teikna av eksisterande og nye lokale investorar.

#### **67 nye eigarar i banken**

Det vart denne gongen åpna for å få med nye eigarar i banken. Ein samla pott på 5 mill. kr. var avsett til desse. Totalt teikna dei nye eigarane seg for om lag 12,4 mill. kr. Nye teikningar vart tildelt om lag 38 % av teikna beløp.

«Det er viktig for banken å få med mange nye lokale eigarar. Det er med å skapa eit solid lokalt fundament for den einaste frittstående sparebanken i Sunnhordland og Hardanger» uttaler banksjef Dag Sandstå.

#### **Også overteikning frå eksisterande eigarar**

Dei som allerede var eigarar i banken teikna også meir enn dei 30 mill. kr. som var mogeleg.

«Vi er audmjuke over den tillit lokale investorar har til banken» seier banksjefen.

#### **Notering på Merkur Market under Oslo Børs**

Banken har søkt om å verta notert på Merkur Market under Oslo Børs. Det vert arbeid mot åpningsnotering i midten av desember. Det vil verta eit gode for alle eigarar som no får ein profesjonell marknadsplass for sal og kjøp av eigenkapitalbevis.

#### **Gjennom emisjonen er vekstkrafta til banken sikra**

Den nye eigenkapitalen i banken sikrar vekstkrafta i åra som kjem. Banken har som mål å ta marknadsandeler og må då veksa meir enn konkurrentane. Så langt har banken lukkast godt med dette.

Dersom det er spørsmål til pressemeldinga kan det rettast til banksjef Dag Sandstå på telefon 90089084 eller epost [dsa@tysnes-sparebank.no](mailto:dsa@tysnes-sparebank.no).

Pressemelding

Arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland